

Saksbehandlar: Olav Skarsbø, Næringsavdelinga
Sak nr.: 11/6412-90

Omdisponering av breibandmidlar - Askvoll kommune

Framlegg til vedtak:

Fylkesdirektøren for næring rår hovudutval for plan og næring til å gjere slik vedtak:

- Askvoll kommune får løyve til å nytte midlane løyvd til Hellestrand til ei utbygging av breiband i Vårdal.
- Askvoll kommune får nytta eventuelle restmidlar til ei fiberutbygging i Askvoll sentrum.

Vedlegg:

Søknad om omdisponering frå Askvoll kommune

Andre dokument som ikkje ligg ved:

Breibandstrategi for Sogn og Fjordane vedteken i fylkestinget 17.04.12

SAKSFRAMSTILLING

1. Samandrag

Hovudutvalet for plan og næring gir Askvoll kommune løyve til å nytte midlane løyvd til Hellestrand – Vårdal til ei utbygging av breiband i Vårdal.

Eventuelle restmidlar frå Hellestrand – Vårdal kan nyttast til ei fiberutbygging i Askvoll sentrum.

2. Bakgrunn

Askvoll kommune fekk i september 2012 eit tilsegn på kr. 800 000 til utbygging av breiband i område Hellestrand til Vårdal.

Askvoll kommune opplyser at Eninvest har fått kontrakt på utbygging av eit trådløst radiosamband på Hellestrand. Husstandar får ein kapasitet på inntil 10 Mbit/s, mens næringslivskundar kan få ein kapasitet på inntil 20 Mbit/s. Inkludert anleggsbidraget har kommunen kostnadsrekna utbygginga på Hellestrand til om lag 120.000 kroner. Dette er rimelegare enn den først tenkte løysinga med utskoten sentral (DSLAM). Arbeidet med dette prosjektet på Hellestrand er no i avsluttande fase.

Den valde radioløysing på Hellestrand vil ikkje kunne nyttast i Vårdal. Her må det planleggast ei anna teknisk løysing. Askvoll kommune søker om omdisponering av midlane løyvd til Hellestrand til ei utbygging i Vårdal. Vidare søker kommunen om å bruke

restmidlar frå dette prosjektet til fiberutbygging i Askvoll sentrum.

3. Saksvurdering

Hovudutval for plan og næring gjorde i møte 22.05.2012 vedtak om tildeling av breibandmidlar.

8,580 millionar kroner vart fordelt i tre kategoriar.

- Kr 8 mill. til fiberprosjekt, lokal eigendel 30%
- Kr 2,18 mill. til andre typar breibandprosjekt, mobil, radio og kopar - lokal eigendel 50%
- Kr 0.4 mill til administrasjon og fagleg oppfølging av prosjekta i regionane

Det vart søkt om totalt kr. 39,2 millionar kroner til 35 prosjekt frå 17 kommunar i fylket.

6 av dei 7 mobil-, radio- og koparprosjekt fekk tilsegn, medan berre 5 av totalt 28 fiberprosjekt nådde opp i denne tildelinga.

Askvoll kommune hadde ingen søknader på fiberprosjekt, men fekk tilsegn om støtte på inntil kr. 800 000,- til utbygging av kopar i område Hellestrand – Vårdal.

Breibandutbygging i Vårdal er ein del av den opphavlege søknaden. Sjølv om kommunen no har valt ei anna teknisk løysing for Hellestrand er det ikkje grunn til å redusere utbygginga i Vårdal. Askvoll kommune kan derfor nytte midlane til breibandutbygging i Vårdal.

Ut frå ei samla vurdering finn vi det rett å gi løyve til å nytte restmidlar frå prosjektet i Hellestrand – Vårdal til ei fiberutbygging i Askvoll sentrum.

Eit vesentleg punkt i vurderinga er om søknad om fiberutbygging i Askvoll sentrum ville stått like sterkt som dei 5 prosjekta som fekk tildelt midlar i 2012. Vi finn at dette prosjektet fyller alle kriteria for tildeling til fiberprosjekt gjort i 2012. Prosjektet vil tilby fibertilkopling til husstandar, næringsliv og offentlege verksemder.

Vi finn det derfor rett tilrå søknaden. Saka er drøfta i IT-forum sitt breibandforum.

4. Konklusjon/tilråding

Hovudutvalet for plan og næring gir Askvoll kommune løyve til å nytte midlane løyvd til Hellestrand – Vårdal til ei utbygging av breiband i Vårdal.

Restmidlar kan nyttast til ei fiberutbygging i Askvoll sentrum.